

**Omstridt stenging i ferien**

25.01.2014

**Formannskapet har med 6 mot 3 gått inn for feriestengte barnehagar også i år som ein prøveordning. Kommunestyret har siste ord i saka. Det var Høgre som gjekk imot og Gunn Mari Moberg hadde fått sterke reaksjonar frå foreldre. Ho såg ikkje nokon meining i ei ny prøving då andre har testa det ut. Tysnes tente ikkje pengar og gikk bort frå ordninga.**

- Vi bør ikkje tulla med borna på denne måten, sa Uskedal-representanten. Sist sommar kom særleg Herøysundungane særleg dårleg ut- Dei, Omvikdalen og Uskedalen vart slegne saman og Moberg meinte det førde til kaos.

Det kom brått på og tilsette og foreldre fekk ikkje førebudd seg. påpeika andre.

Kjell Yri hadde også motteke krasse tilbakemeldingar. men trudde det var svikt i informasjonen. Han gjekk difor inn for eit nytt prøveår.